

Salamandergåta

Cecilia hadde aldri sett eit dødt menneske før. Ikkje før no.

Mannen framfor henne låg på magen med hovudet grave ned i sanden. Ho stod og kikka på han, men snudde seg fort rundt.

«Er han død?» spurde ei stemme bak henne. Det var ein gut.

«Kva ser det ut som?» svarte Cecilia.


«Sorry,» sa guten. «Det var eit dumt spørsmål.» Han tok opp ein iPhone og tok bilete av liket.

Guten heitte Leo. Bølgjene slo inn på stranda og drog i buksebeina til den døde mannen.

«Kva trur du har hendt?» sa Cecilia.

«Vet ikkje. Han må ha drukna. Folk har drukna her før,» sa Leo. Han ringde mora si for å seie ifrå.

Faren til Cecilia og mora til Leo kom ned på stranda. Dei bad Cecilia og Leo om å gå vekk. Det kom mange folk for å sjå på liket, stranda var full av folk. Cecilia og Leo gjekk til ei jente som heitte Une. Faren til Une var fiskar, og han sa at dei hadde funne båtvraket. Han meinte at den døde ville klart seg om han hadde brukt redningsvest, vestane låg igjen i vraket.



Henta frå Jørn Lier Horst: *Salamandergåten*, Kagge forlag, teikna av Typeline.

Cecilia, Leo og Une snakkar saman om den døde.

«Får eg sjå bileta du tok?» spør Cecilia.

Leo tok opp mobiltelefonen. Han zooma inn på biletet. Cecilia kunne tydeleg sjå fotspor i sanden som gjekk langs vasskanten.

«Det var nokon der før meg,» sa ho. Ein som har sett liket, men berre gått vidare.

«Kven kan det ha vore?» spurde Une.

«Kanskje det var han,» sa Leo og peikte på ein skapnad ute på svaberga. Han stod langt borte, men dei kunne sjå at han heldt ein kikkert.

Leo tok fram eit bilete av mannen på stranda. Dei kunne sjå at mannen hadde ei tatovering. Dei tok eit biletutsnitt av tatoveringa og kopierte det over i eit biletgjenkjenningsprogram. Programmet søkte på Internett og fann ut at tatoveringa var av ein salamander. Rett framfor tunga på salamanderen var det tatovert eit nummer. Nr. 2. Cecilia tenkte på at denne mannen ikkje var åleine. Han var nummer 2.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 127.

Gjer oppgåvene 3, 8, 9.